



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokn**

**REFERAT FRÅ SR /FR-MØTET 15.10.2019**

På Kyrkjelydshuset kl 17.00 – 18.30.

Deretter vart det ei avsluttingsamkome saman med det nyvalde soknerådet kl 19 – 21.

Til stades:

Ingunn Hjelmås, Inga Sølvi Korsvik Melby, Oddmund Varhaugvik, Anja Helen Otterlei, Jan Magne Breivik, Geir Tangen, Gro Merete Hoksnes, Eva Beate Opskar Nybø, Svein Løwe, Audhild Mork og Kristian Finn Risung.

Fråverande: Mette Myrset Oterhals.

**Merknad til innkalling:**

Referat frå møtet 03.09.19 var ikkje utsendt

Referatet blir medsendt når dette referatet går til medlemene

**SR / FR-SAK**

**20/19 KYRKJEVALET 2019**

**Samrøystes VEDTAK**

Aukra SR / FR tek saksutgreiinga til vitande

**21/19 MINNESTUND PÅ KLH – DUGNAD – PRIS**

## Samrøystes VEDTAK

I tillegg til utleige av Kyrkjelydshuset til minnestund, gir Aukra SR / FR fyljande tilbod:

1. Ordning av salen/servering og opprydding av minnestundene:  
Kostnad: kr 1.500,- som går til inntekt til Kyrkjelydshuset.  
Dette arbeidet vert gjort av frivillige.
2. Tillegg til dukar og serviettar: Kr 500,- pr 50 gjester  
Evt blomsterpynt vert tinga frå Aukra Blomster og blir avklara med pårørande på førehand. Faktura for blomster blir sendt til pårørande
3. Utleigeprisar etter satsar, vedteke av soknerådet
4. Ansvar for organisering av frivillige vert kyrkjevevja  
som utarbeider ei liste av frivillige, slik at tenesta blir gitt heile året

## 22/19 MØTEGODTGJERSLE 2019

### Samrøystes VEDTAK

Møtegodtgjersla for 2020 sksl vere den same som i 2019.

Kr 250,- pr møte i SR/FR og AU

Leiar og nestleiar skal ha dette tillegget pr år:

Leiar godtgjersle:	Sokneråd	kr 5.000,-
	AU	<u>« 3.500,-</u>
		kr 8.500,-
Nestleiar godtgjersle	Sokneråd	kr 2.250,-
	AU	<u>« 2.250,-</u>
		kr 4.500,-

## 23/19 KONFIRMANTWEEKEND PÅ BJØRNSUND 06 – 08.09.19

Til saksutgreiinga:

- Frå Aukra deltok 23 konfirmantar, 4 foreldre og soknepresten
- Det har no kome rekning på transport frå Sandøy dykkerklubb på kr 7.870,-  
Samla kostnad blir då: kr 44.800 + 7.840 = kr 52.640,-

### Samrøystes VEDTAK

1. Aukra sokneråd godkjenner faktura nr 9000002784 pålydande kr 75.500,-  
Aukra skal betale kr 44.800,- og Sandøy kr 30.700,-  
  
Aukra sender refusjonskrav til Sandøy sokn
2. Soknerådet påpeikar at avtale og pris må innhentast og godkjennast i AU på førehand.

## 24/19 REFERATSAKER

### A) Barnedåp laurdagar – betaling – AU-sak 42/19

Dersom dåp utanfor forordna gudstenester genererer utgifter til kyrkjetenar/organist, må slike økonomiske spørsmål avklarast med dåpsfamilien/-ane på førehand.

### B) Automatisk ringeanlegg

I samsvar med vedtak i AU blir det tinga ringeanlegg med 2 hammarar

### C) Utleige av KLH til kunstutstilling.

Marit Sand Rønstad og Åse Sporsheim fekk leige KLH 10-13. okt til kr 1.500,-  
i samsvar med vedtak i AU.

### D) Julegåver til hjelpetrengjande barn i Moldova

Det vart god respons på oppmodinga om å gi julegåver.

3 store kasser, fulle av vakre julegåver vart sendt til Porsgrunn og vidare til Moldova

## 25/19 EVENTUELT

### A) BARNESALMEBØKER TIL KLIPPEN?

Soknet kjøpte inn den nyaste Barnesalmeboka. Dermed har vi ca 60 bøker av den gamle utgåva liggande. Klippen er interessert i å kjøpe desse. Pris må variere alt etter gjenbrukskvalitet. Ny bok kostar frå forlaget kr 198,-

### Samrøystes VEDTAK

Aukra SR/FR går inn for at Klippen får kjøpe den gamle utgåva av Barnesalmeboka til ein skjønsmessig pris 50 – 60 kr for dei beste/minst brukte og prisar nedover.

### B) WEEKEND FOR MISJONSPROSJEKTET TIL MOLDOVA 14 – 17.11.19

Svein Løwe orienterte.

Vi får besøk av Misjon Utan Grenser i Porsgrunn. Prest Roar Åkre kjem.

Torsdag skal han vere saman med konfirmantane. Fredag blir det misjonsmøte.

Laurdag noko for borna og søndag blir det misjonsgudsteneste.

For å gjennomføre arrangementa – ikkje minst på ein planlagt misjonsbasar – treng vi frivillige. Det snart avgåtte soknerådet vart oppmode til å bli med på dugnaden

Aukra 16.10.19

Peder Nedrelid

kyrkjevevjerjevikar

